

**PALS** er eit nasjonalt prosjekt som har som mål å betre det sosiale miljøet i for elevvar og vaksne i skulen.

Alle vaksne skal framstå med like grenser for ønskt/uønskt åtferd. Vi arbeider etter tydlege strategiar for å **framheve ønskt åtferd og førebyggje problem-åtferd**.

Heile personalet på Hjelle skule har vore gjennom ei 3-årig opplæring. Nytilsette pliktar seg til å gå gjennom opplæring og nytte pals i skulekvardagen.



Rettleiar på Hjelle skule er Ingunn Byrkjedal som er tilsett i Statped vest.

## Vi vil ha eit trygt, positivt og støttande læringsmiljø på alle dei ulike arenaene på Hjelle skule.

- Klasserom
- Toalett
- Gang/garderobe
- Uteområde
- Gymsal
- Buss
- På tur
- SFO



T.d: Dette forventar vi på klasserommet.

Vis respekt	Vis ansvar	Vis omsorg
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekk opp handa når du vil seie noko.</li> <li>• Høyr etter og følg beskjedar.</li> <li>• Hold hender og føter for deg sjølv.</li> <li>• Lytt når andre har ordet.</li> <li>• Bruk innestemme.</li> <li>• Snakk høfleg til kvarandre.</li> <li>• La andre sine ting få vere i fred.</li> <li>• La andre få arbeide i fred.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ver budd til skuledagen.</li> <li>• Gå raskt til arbeidsplassen din og hald deg der.</li> <li>• Prøv sjølv før du ber om hjelp.</li> <li>• Arbeid roleg utan å forstyrre andre.</li> <li>• Hold orden på sakene dine.</li> <li>• Ta vare på skulemateriellet.</li> <li>• Kast søppel i søppelbøtta.</li> <li>• Rydd etter deg.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hjelp kvarandre.</li> <li>• Samarbeid med alle.</li> <li>• Gje ros.</li> <li>• Vi ler ikkje av kvarandre.</li> </ul>

Vi snakkar om kvart punkt og øver i praksis. Dermed er det klart for alle kva forventningar som ligg i punkta.

## GODE BESKJEDAR


Gode beskjedar seier når, korleis og kva ein vil skal verte gjort. Gode beskjedar gjer at barnet mykje lettare vil samarbeide.

### Kjenneteikn på gode beskjedar:

- Ver fysisk nær
- Ver så konkret som mogeleg.
- Ver venleg, men likevel bestemt.
- Ver tydeleg, bruk få og enkle ord.
- Unngå argumentering.
- Vel riktig tidspunkt.
- Gi beskjeden direkte.
- Unngå å nytte spørsmålsform.

### Kjenneteikn på dårlege beskjedar:

- For mange ord.
- For mange beskjedar på ein gong.
- Du har ikkje sikra kontakt med eleven.
- Uhøfleg eller med negative kjensler.



## ROS OG OPPMUNTRING

### Læring gjennom oppmuntring.

Vi treng ofte fleire verktøy for å lukkast med å lære barn ulike ferdigheiter. Eit av desse er oppmuntring. Dersom vi brukar det ofte og medvite er det sannsynleg at barna får auka sjølvtilit. Vi nyttar mykje verbal ros, men og brakort som konkret belønning for forventa åtferd . Klasse/ gruppa samlar brakort til felles belønning.



### Ros – positiv oppmuntring som verkar.

Å oppmuntre barn med ros byggjer opp sjølvkjensla deira. Ros verkar best når den er:

- presis og konkret.
- eintydig positiv.
- vert gjeven for forventa åtferd.
- med eit tydeleg kroppsspråk som støttar opp dei venlege orda.

### Belønning kan vere:

- Mykje ros for forventa åtferd.
- Få delta på ein ønskt aktivitet.
- Anna som er motiverande.

## KONSEKVEN SAR

Vi nyttar oppmuntring for å fremje god åtferd. Dårlig framferd gir forutsigbare og kjende konsekvensar. Det vil og motverke dårlig framferd på sikt.

**Vi gir ikkje negativ konsekvens før vi har lært elevane forventa åtferd.**

### Bruk små konsekvensar.

Små påminningar som vert nytta konsekvent er mest effektive.

### Konsekvensane skal vere kjende.

Grensesettingsteknikkar kan vere:

- Time out
- Tap av gode

### Når konsekvensen er gjennomført er vi ferdig med saka.

### Unngå diskusjonar.

Når ein er kjenslemessig oppskjorta forverrar ein ofte problemet med å snakke.

Unngå vedvarande sinne.

**Gi 5 oppmuntringar for kvar negativ konsekvens.**

Informasjonsfoldar om PALS til foreldre og føresette

## Hjelle skule



## PALS

Vi har **P**ositiv  
**A**dferd  
og eit **L**æringsmiljø som  
er **S**tøttande.

På Hjelle skule vil vi